

Fra: Ruth Ørnholt (Ruth.Ornholt@hfk.no)

Sendt: 06.01.2017 10:57:12

Til: sveinarne.tinnesand@nb.no

Kopi: SBU

Emne: Prosjekt Sterk, spenstig og klar (2013/459)

Vedlegg: image001.png

Hei

I april 2014 fekk fylkesbiblioteket tilsegn på kr 600 000 frå Nasjonalbiblioteket til første året av det treårige prosjektet *Sterk, spenstig og klar*. Prosjektet har til saman fått 1,8 mill. kr og skal avsluttast i 2017.

Hovudmål for prosjektet *Sterk, spenstig og klar* er: Innbyggjarane i Hordaland skal oppleve fornya Biblioteklokale og meir aktiv formidling i det fysiske og digitale bibliotekrommet. Biblioteka i Hordaland skal systematisk og planmessig setjast i stand til å oppfylle den nye formålsparagrafen i biblioteklova. Partnerskap mellom dei regionale samarbeidsbiblioteka og fylkesbiblioteket skal styrkjast i prosjektet.

Prosjekt *Sterk, spenstig og klar* har gripe inn i fleire av utviklingsoppgåvene som er vedtatt på bibliotekfeltet i Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025. Fylkesbiblioteket har prøvd ut nye arbeidsmetodar og tenester i prosjektet, og gjennomføringa er integrert i fylkesbiblioteket sin årsplan og –budsjett.

Prosjektet har til no gitt stor utteljing, både for dei kommunale biblioteka og for arbeidsforma i fylkesbiblioteket.

Prosjektet skal avsluttast med ein evalueringskonferanse i Ulvik 7.-8.juni.

Eg reknar med at rapport og rekneskap ikkje vil vere klar før i september 2017. Ønskjer Nasjonalbiblioteket ein statusrapport for prosjektet i 2016?

Venleg helsing

Ruth Ørnholt

Fylkesbiblioteksjef

Kultur- og idrettsavdelinga | fylkesbiblioteket



Tlf: 55 23 93 70 | Mob: 959 13 398

www.hordaland.no/fylkesbiblioteket